# HYRDINGAR OG ÅNDELEGE FORELDRE

### Bakgrunnstekster: 1 Tess 2,5-12 (1978/85) og Joh 10,11-16 (2011)

Geir Langen: *Hvis du kikker deg over skuldra, hvem ser du som følger etter deg?* Har vi plassert oss slik at vi investerer trua og livet vårt i noen få personer så de kan vokse i trua og livet sitt?

**Esek 34,11-16.** Ikonet med den gode hyrde. Tenk å bli ledet til gode beitemarker med hvile i frodige enger. Hyrdens oppgaver: Lete etter sauer som har rota seg bort, vise veien hjem, beskytte mot farer og sørge for mat. Jesus ga alt - også sitt liv. En moden kristen setter seg selv til side, mens alt synda gjør med oss drar oss bort fra både Gud og menneskene rundt oss. Vi er sauer som trenger Jesus som hyrde.

Samtidig inviteres vi til å være hyrder for andre. 📖 Torbjørg Oline Nyli: *Etterlysning: Åndelige foreldre*. Utgangspunkt: Hun var skremt over alle unge som ble borte fra menighetsliv og alle voksne som fant bakdøra ut av menigheten. Unge lengter etter eldre med erfaringer både fra det som funker og det som ikke funker i tro og liv. De ønsker å møte ekte liv. Åndelighet = det vi gjør med det vi trur på. Hverdagsliv med Gud og mennesker.

Paulus om mødre og fedre (1 Tess 2,5-12), både omsorg og opplæring. Åndelige foreldre: *Personer som på ulikt vis velger å vise omsorg og gi veiledning om tro og liv til noen som er yngre enn en selv - uavhengig av alder, sivilstatus og egne barn.* (1 Kor 4,15).

- Ta sjansen på å være der for en i kyrkjelyden som er yngre enn deg. Tenk om alle «våre» studenter i Oslo hadde sin åndelige mor/far i heimbygda som ba for dem jevnt og brukte litt tid med dem når de var hjemme? Tenk om alle i kyrkjelyden hadde en person som de var «hyrde» for? Gud og foreldrerollen; jfr Hos 11,8a og Joh 16,33.

- Ta sjansen på å åpne heimen for andre. Bruns: Inviter noen inn i hverdagslivet ditt; du spiser, ser TV og slapper av uansett. Augland: Ha folk boende over tid; demonstrere å følge Jesus til hverdags.

- Kjøkkenbordet som tjenestested. *Hvis ingen er der for ungdommene når livskrisene kommer, velger de lett bort trua.*

- Moses og Josva og konsekvensene av deres valg (5. Mos 31 o.a.; Dom 2,10). Åndelige foreldre kan forhindre frafall fra trua. Bruke tid.





# HYRDINGAR OG ÅNDELEGE FORELDRE

### DAGENS UTFORDRING:

Ta spørsmålet frå Geir Langen i Sula frikyrkje på alvor inn i kvardagen din: Kven fylgjer etter deg, om du ser deg over skuldra og ser etter? Har du stilt deg slik at du investerer trua og livet ditt i ein eller to? Om ikkje, kven kunne du tenke deg å vera ein åndeleg mor eller far for? Kva hindrar deg?

### NOKRE SPØRSMÅL FOR SAMTALE I HUSGRUPPENE, ANDRE FELLESSKAP ELLER RUNDT MIDDAGSBORDET:

1. Start gjerne med å lesa teksta frå Esek 34,11-16 og del med kvarandre tankar etter talen om *Hyrdingar og åndelege foreldre.*
2. Del gjerne med kvarandre eigne erfaringar av å få vera ein sau som vert stelt med av hyrdingen Jesus. Kva gjorde det med deg? Kva slag gode beitemarkar tok han deg til?
3. Det vart sagt at ein moden kristen set seg sjølv til sides og liknar meir og meir på Jesus som sat den andre i fokus. Korleis er dette ei skildring av liva dykkar? Og korleis kan de ev. likna meir på Jesus?
4. Å vera åndeleg handlar om det vi gjer med det vi trur på. Torbjørg Oline Nyli definerer åndelege foreldre som *personer som på ulikt vis velger å vise omsorg og gi veiledning om tro og liv til noen som er yngre enn en selv.* Ser du deg sjølv i ei slik rolle? Kvifor/kvifor ikkje?
5. I preika nemnde Kjersti to familiar som har opna heimen og kvardagslivet sitt for ungdomar og andre på ulikt vis, for kortare og lengre tid. Kva i kvardagslivet ditt er det enkelt å dela med ein eller fleire utanfor familien? Korleis kan «kjøkenbordet» verta ei tenesteplass for deg/familien dykkar?
6. Moses og Josva valde ulikt; Moses vart ein åndeleg far for Josva og mange velsigningar gjekk vidare til neste generasjon (5 Mos 31 o.a.). Josva valde ikkje ut ein «son» på same viset, og konsekvensane vart brutale (Dom 2,10). Kva kan vi som kyrkjelyd og einskildmenneske læra av deira erfaringar? Korleis kan de/vi vera med å hindra fråfall frå trua? Kva for val vil du ta?